



Utval:	Naturbruksnemnda
Møtestad:	møterom, Midsund Omsorgsenter
Dato:	18.04.2017
Tid:	10:30

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/6	Godkjenning av protokoll	
PS 17/7	Referatsaker	
PS 17/8	Fullmakt ti lkommmunane for fastsetting av skotpremie etter viltlova § 51.	2017/85
PS 17/9	Søknad om tilskot frå viltfondet. Midsund storvald	2017/84
PS 17/10	Driveplikt på gnr 28, bnr 5 i Midsund. Pålegg	2015/476
PS 17/11	Driveplikt på gnr 54, bnr 5 i Midsund.	2016/204
PS 17/12	Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017. Høyring	2017/148
PS 17/13	Bruk av omsynssoner i kommune0planen sin arealdel.	2013/562
PS 17/14	Årsmelding – Årsrekneskap 2016	2017/182

Midsund 11.04.2017

Oddbjørn Opstad
Leiar
Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekretær

PS 17/6 Godkjenning av protokoll

PS 17/7 Referatsaker



Utval:	Naturbruksnemnda
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	03.02.2017
Tid:	12:30

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Oddbjørn Opstad	LEDER	
Olianne K. Nerbø	NESTL	
Knut Eivind Lervik	MEDL	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Eivind Klauset	MEDL	
Aina Kirkeland Tangen	MEDL	

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Rolf Heggdal		
Oddny Grete Gangstad		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Nils Edvind Sanden	Rådgjevar
Astrid Abelseth	Utvalekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Oddbjørn Opstad

Olianne K. Nerbø

Knut Eivind Lervik

Rolf Heggdal

Oddny Grete Gangstad

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/1	Godkjenning av protokoll	
PS 17/2	Referatsaker	
PS 17/3	Ettersøks og fallviltordninga i Midsund	2015/460
PS 17/4	Høyring om framlegg om oppheving av vasscooterføresegnene	2017/46
PS 17/5	Naturbruksnemnda. Deligering av mynde	2017/34

Det vart halde møte i Naturbruksnemnda den 03.02.17 ved Midsund omsorgsenter. Møtet vart leia av Oddbjørn Opstad og tik til kl 12:30.

Eivind Klauset og Aina K. Tangen hadde meldt forfall, så Rolf Heggdal og Oddny Grete Gangstad møtte som vara.
5 voterande, fulltaleg.

Nils E. Sanden delte ut oversikt over aktuelle lover. Det vert tatt ein gjennomgang av dette i neste møte.

Uttale til Interkommunal plan for Romsdalsfjorden:

«Ein kan ikkje sjå at det i planen eller i konsekvensutgreiinga er vurdert kva verkander etablering av oppdrettsanlegg i sjø vil ha for bestandane av laks og sjøaure i kommunen. Område i A-8 ligg i nærleiken av utløpet av elva i Sør-Heggdal. Det står i konsekvensutgreiinga at området er i nærleiken av utløpet av elva og at det er registrert oppgang av sjøaure, men det går ikkje fram om det er vurdert om denne lokaliseringa vil medføre at sjøaurebestanden vert meire eksponert for lakselus/ sjukdomar.

Område A-2 ligg i eit område der sjøaur og laks går opp til elvene/ vassdraga i Rakvågen. Ein kan ikkje sjå at demme opplysninga ligg i saka.

I Julsundet vil laks på inn eller utvandring passere nære oppdrettsanlegg og vere eksponert for lakselus.

Midsund jeger og Fiskeforening arbeider med etablering av prosjekt for å auke bestandane av sjøaure i kommunen og det vil ha stor betydning for fritidsaktivitet og reiseliv i kommunen.

Naturbruksnemnda i Midsund vil be om at planen sin innverknad på laks og sjøaurebestandane vert vurdert før plana vert teken opp til endeleg handsaming.»

Naturbruksnemnda kjem med følgjande uttale:

«Forureining frå industrianlegg i Stormyra
Naturbruksnemnda har fått henvendingar om problem med lukt og forureining i sjø frå bebuarar i området. Lukta er til sjenanse for bebuarane og forureininga i sjøen vil ha negativ innverknad på friluftslivet og kunne ha miljømessige konsekvensar. Naturbruksnemnda vil oppmode om at kommunen medverkar til at problema vert løyst så raskt som mogeleg.»

PS 17/1 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Protokoll frå møte den 25.11.2016 vart godkjent.

PS 17/2 Referatsaker

PS 17/3 Ettersøks og fallviltordninga i Midsund

Forslag til vedtak:

Midsund kommune inngår ein avtale med Trond Haukebø, ev. Ytre Romsdal ettersøksring om utføring av ettersøk av fallvilt i Midsund kommune på dagtid til dei satsane som kommunen har fastsett. Avtalen skal inngåast for eitt år.

Behandling i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Oddny Grete Gangstad bad sjølv om å verte inhabil i saka og trekte seg tilbake. Oddbjørn Opstad meinte sjølv han var habil men resten av nemnda ville diskutere han sin habilitet. Det vart votert over dette og det vart 3 – 0 for at Oddbjørn Opstad var inhabil i saka. Det var 3 røystande og nemnda var vedtaksfør.

Det vart foreslått å leggje til følgjande setning:

«Midsund kommune arbeider vidare med å få til ei varig ordning som omfattar Midsund kommune og nabokommunane.»

Samrøyste vedtak i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Midsund kommune inngår ein avtale med Trond Haukebø, ev. Ytre Romsdal ettersøksring om utføring av ettersøk av fallvilt i Midsund kommune på dagtid til dei satsane som kommunen har fastsett. Avtalen skal inngåast for eitt år. Midsund kommune arbeider vidare med å få til ei varig ordning som omfattar Midsund kommune og nabokommunane.

Oddbjørn Opstad og Oddny Grete Gangstad slutta seg til Naturbruksnemnda og det var 5 voterande.

PS 17/4 Høyring om framlegg om oppheving av vasscooterføresegnene

Forslag til vedtak:

Ein syner til det tilsende høyringsdokumentet med framlegg om oppheving av føresegnene for køyring av vasscooter.

Naturbruksnemnda i Midsund kan ikkje sjå at det er behov for å oppheve føresegnene.

Samrøyste vedtak i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Ein syner til det tilsende høyringsdokumentet med framlegg om oppheving av føresegnene for køyring av vasscooter.

Naturbruksnemnda i Midsund kan ikkje sjå at det er behov for å oppheve føresegnene.

PS 17/5 Naturbruksnemnda. Deligering av mynde

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda i Midsund delegerer vedtaksmynde, eller uttalerett, i enkeltsaker etter jord og skoglov som omfattar forvaltning av økonomiske verkemiddel (produksjonstilskot, søknader til Innovasjon Norge m.m.) til rådmannen.

Mynde etter anna lovverk som er tillagt naturbruksnemnda, med unnatak av overståande avsnitt, vert delegert til leiaren av nemnda, eller nestleiar i leiaren sitt fråver, når det ikkje er mogleg å leggje saka fram for nemnda på grunn av tidsaspektet.

Vedtak etter denne delegasjonen skal leggjast frå mfor nemnda som melding på første etterfølgjande møte.

Naturbruksnemnda har tidlegare gjeve leiaren fullmakt til innvilging av løyve til skadefelling av grågås.

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 03.02.2017

Naturbruksnemnda i Midsund delegerer vedtaksmynde, eller uttalerett, i enkeltsaker etter jord og skoglov som omfattar forvaltning av økonomiske verkemiddel (produksjonstilskot, søknader til Innovasjon Norge m.m.) til rådmannen.

Mynde etter anna lovverk som er tillagt naturbruksnemnda, med unnatak av overståande avsnitt, vert delegert til leiaren av nemnda, eller nestleiar i leiaren sitt fråver, når det ikkje er mogleg å leggje saka fram for nemnda på grunn av tidsaspektet.

Vedtak etter denne delegasjonen skal leggjast frå mfor nemnda som melding på første etterfølgjande møte.

Naturbruksnemnda har tidlegare gjeve leiaren fullmakt til innvilging av løyve til skadefelling av grågås.

Møtet heva kl 15:05



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2017/85-2

Arkiv: K42

Saksbeh: Nils Edvin Sanden

Dato: 28.02.2017

Saksframlegg

Fullmakt til kommunane for fastsetting av skotpremie etter viltlova § 51.

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/8	Naturbruksnemnda	18.04.2017

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksutgreiing:

Mynde til å fastsette skotpremie er flytta frå fylkesmannen til fylkeskommunen. Regional og næringsutvalet gjorde 07.02.2017 vedtak om å gi kommunene fullmakt til fastsetting av skotpremie.

Det vert sett to vilkår, arten må ha jakttid, vere jaktbar og arten må gjere skade.

Kopi av eit ev. vedtak skal sendast Møre og Romsdal fylkeskommune og det skal sendast rapport om den årlege utbetalinga.

Fastsetting av skotpremie skal vurderast etter naturmangfaldslova(berekraftig bruk)
Unnateke frå dette er introduserte uønska artar.

Det kan ikkje brukast midlar frå viltfondet eller statlege midlar.

Vurdering:

Viltloven har krav om at arten må gjere skade. Det er då tenkt på skader av økonomisk art og særleg skader på næringsverksemnd. I rundskriv er det peika på at ein må vere varsam med å

innføre skotpremie på artar der det er snakk om vanleg predasjon. I rundskriv frå Miljødirektoratet er det no peika på at det bør vere kurrant å innføre skotpremie på rev og mink på grunn av bestandsvikling m.a. på hønsefuglane.

Det er utan tvil slik at bestandane av sjøfugl er sterkt redusert på grunn av villminken. Ein vesentleg reduksjon av bestanden av mink vil kunne medverke til at bestandane ikkje vert vidare redusert. Det kan difor vere aktuelt å innføre skotpremie på mink.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2017/84-2
Arkiv: 242
Saksbeh: Nils Edvin Sanden
Dato: 28.02.2017

Saksframlegg

Søknad om tilskot frå viltfondet. Midsund storvald

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/9	Naturbruksnemnda	18.04.2017

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda i Midsund gir 12000 kroner i tilskot til Midsund storvald for 2017 på grunnlag av søknad av 12.02.2017.

Det vert sett som vilkår at storvaldet legg fram rekneskap for bruk av midlane.

Saksutgreiing:

I brev av 12.02.2017 søker Misund storvald om tilskot frå viltfondet. Det vert søkt om tilskot på grunnlag av budsjett for 2016. Rekneskapen vil bli ettersendt når det er godkjent av revisor. Etter budsjettet for 2016 hadde storvaldet ein forventa driftskostnad på 13450 kroner og det må oppfattast slik at det er det beløpet det vert søkt om.

Storvaldet har ikkje søkt om tilskot i 2016. I 2015 vart det løyvd eit tilskot på 20000 kroner på grunnlag av ein søknad på 22500 kroner. Det vart sett krav om rekneskap for bruk av midlane.

I søknaden/budsjettet for 2017 er det ikkje teke inn utgifter til hjorteteljing. Det må difor ev. gjerast eigen avtale om dette.

Ved årsskiftet var saldoen på viltfondet 23753. Det var då ikkje medrekna fellingsavgifter for 2016, om lag 34000 kroner. I 2016 er det brukt 55000 kroner. Pr 01.01.2016 var saldoen 79000 kroner. Vegdekke har betalt for henting og nedgraving av fallvilt på og ved offentleg veg.

Vurdering:

Den tidlegare viltnemnda innvilga ikkje søknaden frå Storvaldet fullt ut i 2015 på grunn av at det vart sett krav om ei viss eigenfinansiering m.m.

Det er difor rimeleg at søknaden ikkje vert fullt ut imøtekomen no. Det må vidare ev. gjerast ein eigen av tale om hjorteteljing.

Vidare er finansieringa av fallvilt uoversikteleg og det må påreknast at utgiftene til viltfondet kan auke raskare enn inntektene.

Det vil vere vanskeleg ,utan vidare,å drive storvaldet utan tilskot frå viltfondet.

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:**



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2015/476-16

Arkiv: 28/5

Saksbeh: Nils Edvin Sanden

Dato: 07.03.2017

Saksframlegg

Driveplikt på gnr 28, bnr 5 i Midsund. Pålegg

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/10	Naturbruksnemnda	18.04.2017

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Alvild Beinset eit pålegg om å ta opp drifta for eiga rekning på gnr 28, bnr 5 i Midsund eller å inngå ein skriftleg avtale om utleige av jordbruksareala innan tre månader frå meldinga om vedtaket er motteken. Ein ev jordleigeavtale skal inngåast på minst 10 år og ein kopi av ein ev. avtale skal ovesendast Midsund kommune.

Dersom pålegget ikkje er gjennomført innan fristen, vert saka oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for ev. vurdering av gebyr.

Vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker frå meldinga om vedtaket er motteken. Ein ev. klage skal sendast om Midsund kommune.

Saksutgreiing:

Etter §8 i jordlova er det varig driveplikt på alle drivverdige jordbrukseigedomar, anten med drift for eiga rekning eller ved bortleige som tilleggsjord på skriftleg avtale på minst 10 år. Kommunane er pålagde å følgje opp driveplikta.

I landbruksplanen for Midsund, vedteken av kommunestyret i møte 19.06.2014, er eit av arbeidsmåla å utarbeide ein plan for oppfølging av driveplikta.

Planen er utarbeida og lagt fram for formannskapet til godkjenning. Bruk med eit jordbruksareal over fem da og der det ikkje var registrert eiga drift eller bortleige på skriftleg avtale på minst 10 år skulle tilskrivast. Oppfølginga skulle gjennomførast bygde/grendewis og starte med Beinset/Ræstad og Rørset.

Eigar av gnr 28, bnr 5 søkte om varig fritak frå driveplikta. Midsund kommune ga avslag på søknaden om varig fritak. Vedtaket vart påklaga og Midsund kommune ga utsetjing av klagefristen på grunn av feil i kartet. Det hadde medført at bruket hadde vorte registrert med litt over 6 da fulldyrka jord for mykje i Jordregisteret. Det vart difor gjeve forlenging av klagefristen med tre veker.

Det vart søkt om vidare utsetjing av klagefristen.

I brev av 13.05.2016 frå Midsund kommune vart det gjeve melding om at dei grunnane til ein ev. vidare utsetjing av klagefristen ikkje var relevant i saka og det vart gjeve melding om at det vart vurdert å gje eit pålegg.

I brev av 08.06.2016 vart det anmoda om at at vedtaket vart gjeve utsetjande verknad fram til klaga kunne sendast.

Det vart peika på ein del uklære punkt ang grenser for eigedomen, kontaktperson for eigedomen i ei byggesak og krav om dokumentasjon av alle saksdokument vedr. oppfølging av driveplikta i Midsund.

Vurdering:

Søkjaren har fått avslag på søknaden om varig fritak frå driveplikta og utsetjing av klagefristen på grunn av for mykje registrerte areal. Klagefristen er overskreden og grunnane til vidare utsetjing av klagefristen er ikkje relevant for saka.

Eigedomen har i overkant av 14 da jordbruksareal som er godt arrondert/lettdreve og som ligg i eit område der jordbruksareala vert drevne. Jordbruksareala gir grunnlag for lønsam drift som tilleggsjord.

Eigaren bør gjevast eit pålegg om drift av areala for eiga rekning eller inngå skriftleg avtale om utleige av areala som tilleggsjord på minst 10 år. Ein ev. avtale skal leggjast fram for kommunen.

Det bør setjast ein frist på tre månadar frå vedtaket er motteke. Dersom det ikkje vert teke opp eige drift eller framlagt ein leigeavtale innan fristen, vert saka oversendt fylkesmannen.

Midsund kommune sin mynde etter jordlova er delegert til naturbruksnemnda. Midsund kommune vil beklage at oppfølgjinga av saka har teke lang tid.

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):
Tidlegare sakspapir

Særutskrift går til:

Alvhild Beinset



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2016/204-4

Arkiv: 54/5

Saksbeh: Nils Edvin Sanden

Dato: 07.03.2017

Saksframlegg

Driveplikt på gnr 54, bnr 5 i Midsund.

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/11	Naturbruksnemnda	18.04.2017

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Kari Midling Gram pålegg om å ta jordbruksareala på gnr 54, bnr 5 i Midsund i bruk eller inngå ein skriftleg avtale på 10 år om utleige av jordbruksareala som tilleggsjord. Fristen vert sett til 01.06.2017.

Dersom ikkje pålegga vert iverksette innan fristen, vert saka oversendt fylkesmannen til vurdering.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Møre om Romsdal innan tre veker frå meldinga om vedtaket er motteke.

Saksutgreiing:

Etter § 8 i jordlova er det varig driveplikt på drivverdige jordbrukseigedomar. Areal kan drivast for eiga rekning eller leigast ut som tilleggsjord på skriftleg avtale på minst 10 år. Kommunane er pålagde å følge opp driveplikta. Midsund kommune har utarbeida ein plan for oppfølging, der eigarar av eigedomar der det ikkje er registrert eiga drift eller motteke kopi av leigeavtale vert tilskrevne.

Midsund kommune har registrert at jordbruksareala på gnr 54, bnr 5 ikkje vert drevne og har ikkje motteke kopi av leigeavtale. Kommunen har heller ikkje motteke søknad om utsetjing eller fritak frå driveplikta.

Bruket ligg på Magerøya og i eit område der areala vert dreve som beite og slått til utegangarsau.

Som svar på henvendinga frå kommunen, mottok kommunen ein e-post der manglande drift vert grunngeve med dårleg grøftetilstand, at dei ikkje har fått andre til å drive areala og at det har vore innleigd ein maskinstasjon.

I delegert vedtak ga Midsund kommune melding om at det kunne bli gjeve eit pålegg. Det vart gjeve ein frist til uttale på eit ev. pålegg. Midsund kommune har ikkje motteke svar frå eigarene.

I jordregisteret har bruket 20 da fulldyrka jord, 5,4 da overflatedyrka jord og 5,7 da innmarksbeite. Det har vore fremja ein søknad om regulering av det overflatedyrka arealet og innmarksbeitet til bustadføremål.

Dersom kommunen gir eit pålegg og ev. fristar på oppfølging av pålegga ikkje vert følgde, skal saka oversendast fylkesmannen for vurdering av gebyr.

Vurdering:

Jordbruksareala på bruket ligg brakk i eit område der jordbruksareal vert nytta til beite for sau. Det er difor ingen driftsmessige grunnar til at det meste av bruket sine areal ikkje kan drivast.

Når jordbruksareala ligg unytta i eit område der det er aktiv drift, er det negativt for kulturlandskapet og den framtidige drifta av areala.

Eigarane bør gjevast eit pålegg om å ta areala i bruk eller at areala vert leigede ut som tilleggsjord på skriftleg avtale på minst 10 år. Det vert sett ein frist til 1. juni 2017.

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2017/148-2

Arkiv: V00

Saksbeh: Nils Edvin Sanden

Dato: 24.03.2017

Saksframlegg

Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017. Høyring

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/12	Naturbruksnemnda	18.04.2017

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda syner til det framlagde utkastet til Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017.

Landbruket i Midsund har utfordringar med rekruttering og å ta vare på ressursgrunlaget. Meldinga har for liten fokus på desse temaene.

Saksutgreiing:

Den første landbruksmeldinga vart vedteken i fylkestinget i 2012. Meldinga skal rullerast i kvar fylkestingsperiode.

Fylkesmannen si landbruksavdeling har hatt sekretæriatsfunksjonen og det har vore nedsett arbeidsgrupper av aktørane innan næringa. Nils Sanden har vore oppnemnda av fylkesmannen som representant for kommunane.

Føremålet med meldinga er å setje landbruket på den politiske dagsordenen og gje fylkeskommunen gode føresetnader for å vere ein tydeleg regional utviklingsaktør.

Det er lagt vekt på det verkemidlar innanfor det regionale handlingsrommet, det ein kan gjere noko med. Endring av lovverk og sentrale føringar har difor vore drøfta i svært liten grad.

Meldinga er delt inn i utfordringar, mål og tiltak og status og utviklingstrekk.

Det er sett oppfølgjande mål/tiltak:

**Auka verdiskaping skal baserast på berekraftig og meir bruk av lokale ressursar.
Landbruket skal ha ein viltig plass i den nye grønne økonomien
Landbruket skal ta miljø og klimaansvar
Landbruket skal halde ved like og utvikle godt omdømme
Landbruket skal stå fram som ein attraktiv arbeidsplass.**

Ein ev. uttale frå Midsund kommune må ta utgangspunkt i behovet for fokus og tiltak i Midsund.

Utviklinga i landbruket i Midsund dei siste tiåra har vore dramatisk. Landbruket har vore dreve i kombinasjon med fiske og bruka har vore rel. små. Gjennom nydyrking og jordleige frå 60-talet vart det etablert rel. mange mjølkeproduksjonsbruk som vart hovedyrke eller eineyrke. Rundt 1990 var det om lag 70 aktive bruk i kommunen. Strukturendringa i jordbruket på 90-talet og etter årtusenskifte medførte ein kraftig reduksjon av talet på bruk i drift. På Otrøya er det no berre att eit mjølkeproduksjonsbruk.

Utegangarsau kom inn som ei ny driftsform. Denne sauedrifta er vesentleg basert på beiting på innmark, men det har forhindra at jordbruksareal kom ut av drift.

Utviklingstrekk i Midsund:

- Ei halvering av tal bruk i drift dei siste 20 åra.
- Ein reduksjon av produsert volum av mjølk og kjøtt
- Landbruket er ekstensivert, har mindre næringsmessig betydning
- Dårleg rekruttering
- Auke i omfang av leigejord, over 70 %
- Forringing av jordkvalitet, næringstilstand, drenering
- Lite beiting, bruk av utmarka
- Gjengroing

Desse utviklingstrekk finst ein på heile kysten. Der det næringsmessige landbruket har stått svakast, har ein fått den sterkaste strukturendringa, ekstensiveringa.

Mål/verkemiddel

Skal ein kunne snu den negative utviklinga, må det setjast fokus på tiltak som kan ha ein konkret effekt og som ligg innanfor det kommunale/regionale handlingsrommet.

Med den bruksstrukturen, eigedomsstrukturen vi har i Midsund vil etablering av eit vanleg føretak innan landbruket avhenge av leigejord. Jordleige har i liten grad vore formalisert og vore basert på nettverk. Manglande tilgang på leigejord, at ikkje driveplikta vert handheva, er difor ei hindring for rekruttering og investeringar i jord og driftsapparat.

Midsund kommune har utarbeida ein plan for handheving av driveplikta og lagt ressursar i oppfølgjinga.

Når det har vorte eit skilje mellom eigar og drivar av jordbruksareal, at mange bruk har lagt ned drifta, er det viktig for utviklinga i landbruket og rekrutteringa at jordvern/ressursvern vert ein samfunnsansvar/kommunalt og regionalt ansvar.

Den tidlegare beiteordninga i utmark eksisterer ikkje. Sauehaldet er i stor grad relatert til innmark og utmarksareala gror att. Det er viktig for det biologiske mangfaldet, friluftsliv og landbruket at utmarksressursane vert tekne i bruk. Kommunane bør utarbeide beitebruksplaner og bruken av økonomiske verkemiddel på landbruk/naturvern bør samordnast.

Landbruk må i større grad vere eit lokalt/regionalt ansvar.

Vurdering:

Framstillinga i landbruksmeldinga er i for liten grad spissa. Utvikling av landbruket og må i større grad bli eit kommunalt/regionalt ansvar. Utan ei samfunnsmessig styring av ressursgrunnlaget legg ein lite til rette for eit framtidretta landbruk.

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Høyringdokumentet vert lagt ved som ei elektronisk fil. Dersom nokon vil ha dokumentet i papirutgåve kan ein venda seg til kommunen.

Særutskrift går til:

Fylkemannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/562-31
Arkiv: 140
Saksbeh: Nils Edvin Sanden
Dato: 14.03.2017

Saksframlegg

Bruk av omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel.

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/13	Naturbruksnemnda	18.04.2017

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda i Midsund vil rå til at det vert oppretta omsynssoner med følgjande føremål og lokalisering i kommuneplanen sin arealdel:

Landbruk: Tautra

Friluftsområder: Sandane, Holsvatnet, Rørsethornet, områda ved Midsundtrappene.

Naturområder: Områda so meir registrerte som kystlynghei.

Saksutgreiing:

I møte i planutvalet 06.03.2017 vart det gjort følgjande vedtak:

Planutvalet ber naturbruksnemnda om å utgreie bruken av omsynssoner i Midsund kommune.

Omsynssoner eller hensynssoner vart teke inn i den nye Plan og bygningslova i 2010.

I kommuneplanen sitt plankart ligg det meste av kommunen sitt areal som LNF-områder, områder for landbruk, friluftsliv og natur. Dette er eit samleføremål som det ikkje har vore heimel for å dele .

Områder som er verna som naturreservat, fareområder, områder som er båndlagde av omsyn til drikkevasskjelder og områder for spreidd bustadbygging har vore teke inn i arealplanen og har hatt rettsverknad.

For andre arealføremål i LNF-områda har det vore utarbeida temakart eller databasar,temakart for friluftsliv,kjerneområder for landbruk,registreringar av fornminner(Askeladden) og Naturbasen ,registrering av biologiske verdiar.

Dette er områder som har eit vern etter særlover men der temakarta i seg sjølv ikkje har hatt rettsverknad.

I omsynssoner-begrepet er teke inn områder som er bandlagde av omsyn til drikkevasskjelder,fareområder,områder med krav til infrastruktur,krav til felles planlegging,og områder der tidlegare reguleringsplan skal gjelde.

Dette er planføremål som ligg utanfor naturbruksnemnda sitt verkeområde/mynde og bruk av omsynssoner på desse føremåla vert ikkje teke opp her.

Kommunen kan legge ut områder som omsynssoner på landbruk,friluftsområder,kulturminne,naturvern.

I desse områda skal det spesifikke føremålet leggjast stor vekt på. Eit område kan ha fleire føremål. Omsynssoner har ikkje rettsverknad utover det myndet kommunen er tillagt i særlover.

Jordvern.landbruk

Etter jordlova er det forbode å nytte dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn jordbruk. Kommunane kan dispensere frå forbodet.

I føresegnene for LNF-områda i kommuneplanen er det eit tilsvarande forbod mot omdisponering/frådeling som ikkje har samband med stadbotten næring(landbruk).

Det kan søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen for oppføring/frådeling av t.d. bustadhus og gjevast løyve til omdisponering/frådeling etter jordlova.

Frådeling/omdisponering kan nektast etter begge lovverka.

Ofte har kommunane ikkje hatt ein heilskapleg,konsekvent politikk for innvilging av dispensasjonar.

Landbruksdepartementet har rådd til at kommunane utarbeider eit temakart der jordbruksareala vert prioritert ut i frå verdi,»Kjerneområde landbruk».

Kjerneområde landbruk kan nyttast som utgangspunkt i vurdering av om slike prioriterte jordbruksareal skal ha status som omsynssoner,områder der jordvernet,vern av kulturlandskap,vil bli vurdert særleg strenkt.

Dette kan vere aktuelt for gode jordbruksareal som ligg inn til områder med stort utbyggingspress eller områder med særleg store kulturlandskapsverdiar.

For Midsund bør det vere aktuelt å vurdere om Tautra bør bli ei omsynssone med føremål landbruk. Dersom jordbruksområda vert meir infiltrert med fritidshus,vil det skape vanskar for oppretthalding av jordbruksdrifta. Fylkesmannen har peika ut Tautra som eit særleg viktig kulturlandskap.

Ein kan ikkje sjå at det er behov for eiprioritering av jordbruksareala utover dei retningslinene som kan fastsetjast som føresegner til kommuneplanen.

Friluftsområder

I den noverande kommuneplanen er det lagt ut områder for fritidsbebyggelse der det vert krevd reguleringsplan. I LNF-områder er det forbod mot oppføring av hytter utanom områda som er utlagde i planen.

Det har vore godkjent reguleringsplaner for oppføring av fritidshus i LNF-områda utanom områda som er utlagde til føremålet.

Kommunen må ta stilling til om det er områder i kommunen som det ikkje er ønskjeleg at det vert oppført fritidshus, bustader eller næringseigedomar, områder som vert mykje nytta av almenta til fritidsføremål og der det har vore investert i infrastruktur.

Heimel til ei ev. regulering av tiltak i friluftsområder ligg i Plan og bygningsloven.

I Midsund har det vore lagt ned store ressursar for å leggje til rette for friluftsliv. Det er behov for å sikre at desse områda vert sikra til friluftsføremål og det bør vurderast å gje dei viktigaste områda status som omsynssoner.

Naturområder

Naturmangfaldsloven heimlar innføring av prioriterte naturtyper. Dette er områder som er registrerte i Naturbase og som det er utarbeida egne føresegner for. I desse områda skal føremålet ved prioriteringa vektleggjast sterkt og det er sett krav til kommunen sin sakshandsaming. Tiltak i desse områda er søknadspliktige.

I Midsund kom rel. store areal inn under begrepet i 2015 då kystlyngheit vart ei prioritert naturtype.

Dette er store areal og det er behov for ei avklåring av korleis desse areala skal forvaltast.

I Midsund kommune er det ikkje kulturminner/bygningsmiljø og naturverdiar som tilseier bruk av omsynssoner.

Vurdering:

Midsund kommune bør opprette følgjande omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel:

Landbruk-Tautra.

Friluftsområder-Sandane, Holsvatnet/Skarsvegen, områda rundt Midsundtrappene, Rørsethornet.

Naturområder-områder som er registrerte som kystlynghei.

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Utskrift av vedtak i planutvalet

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Saksframlegg

Drøfting av bruken av hensynssoner

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/5	Planutvalet	06.03.2017

Forslag til vedtak:

Behandling i Planutvalet - 06.03.2017

Landbrukskonsulent Nils Edvin Sanden orienterte

Samrøystes vedtak i Planutvalet - 06.03.2017

Planutvalet ber naturbruksnemnda om å utgreie bruken av omsynssoner i Midsund kommune.

Saksutgreiing:

HENSSYNSSONER/OMSSYNSSONER

Omsynssoner er eit nytt begrep/planleggingsføremål som vart teke inn i plandelen av Plan og bygningslova i 2010.

Ei omsynssone er eit konkret areal som er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel(kartet) og der det er gjeve retningsliner for bruk og aktivitet.

Dei tidlegare båndlagde områda, sikring av drikkevasskjelder, ras m.m skal no leggjast inn som omsynssoner. Vidare kan områder der det er sett særskilde krav til infrastruktur og planlegging vere omsynssoner.

LNF-områda har vore eit samleføremål. Det har vore soner som er opna for bustadbygging, LNF-2, men i plankartet har det ikkje vore skilt mellom dei ulike føremåla, landbruk, natur og friluftsliv.

Dei verna områda har vore verna etter den tidlegare naturvernlova. I Midsund gjeld dette eit område på Hagset, (svartor), Ræstadleira og Kjerringvatnet i Rakvågen.

Dersom ein tek i bruk omsynssoner i kommuneplanen til verneføremål, landbruk, friluftsliv, naturvern, kulturminnevern gir ein føringar for bruk av LNF-områda. I desse områda skal grunnlaget for omsynssona ha særleg vekt, men dette er ikkje eit forbod, eit absolutt vern. Det andre lovverket som gjeld i områda vil framleis vere gjeldande, jordlova, naturmangfaldslova m.m.

Bruk av omsynssoner i vernesamanheng er eit politisk spørsmål-kva vekt kommunen legg på å bevare områder med stor verdi.

I Midsund er det aktuelt å ta stilling til viktige friluftsområder, Sandane, Skarsvegen/Holsvatnet. Tautra som viktig kulturlandskap

Områder som er verna som prioriterte naturtypar (kystlynghei)

Viktige bygningsmiljø (naustområder).

Sikring av drikkevasskjelder og ras/fareområder er det vel liten politisk diskusjon om, men bruk av omsynssoner til verneføremål vil det vere ulike meiningar om.

Vurdering:

Omgrepet hensynssoner må drøftast og seinare må ein gjere eit politisk vedtak på kva som skal brukast i forbindelse med rulleringa av arealplanen.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Nils Sanden
Landbrukskonsulent

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: